

# Sak til Samarbeidsutvala

---

<b>Går til:</b>	Medlemene i Samarbeidsutvalet for Nordhordland
<b>Dato:</b>	19. februar 2020
<b>Sakshandsamar:</b>	Samarbeidssekretariatet (SSE)
<b>Saka gjeld::</b>	Representasjon og deltaking i samarbeidsutvala
<b>Saksnummer</b>	13/20

---

## Bakgrunn for saka:

[Overordna samarbeidsavtale](#) mellom kommunar og sjukehus i Helse Bergen sitt føretaksområde vert lagt til grunn for denne saka.

Pkt. 6.2, i avtala omhandlar dei fire overordna samarbeidsutvala, samansetting av desse.

(...) «Alle kommunar i aktuelt område skal være representert i utvalet. Det skal være representasjon frå spesialisthelsetenesta i utvala i område der sjukehusa har sektoransvar. Brukarrepresentasjonen skal forankrast gjennom oppnemning av brukarrepresentant/-ar via brukarutvalet, jfr. kap.7. Arbeidstakarar skal være representert med ein representant frå kvar hovudsamanslutning.» (...)

Grunna endra kommunestruktur, endra organisering i kommunar og helseføretak, og endringar i partane sin representasjon i samarbeidsutvala og underutval erfarer samarbeidssekretariatet(SSE) at det til tider er utfordrande å ha oversikt over kven som er faste medlemmer i utvala og kven som er vara.

Ved utarbeiding av ny nettside med m.a. presentasjon av medlemmene i dei fire Samarbeidsutvala ser ein at manglande oversikt og system for innmelding av endringar gjer samhandlingsarbeidet meir vanskelig enn nødvendig.

Med bakgrunn i dette er det tatt eit initiativ til å setja saka på dagsorden i Samarbeidsutvala sine møter i februar 2020.

## Samarbeidssekretariatet si vurdering i saka:

SSE ber alle partar sikra at representasjon i samarbeidsutval og underutval er forankra i eigen organisasjon, og at kvar av partane melder inn aktuelle representantar med rett kontaktinformasjon til leiar og sekretær for utvalet. Dette gjeld både faste- og vararepresentantar.

Det er viktig at dette også vert fylgt opp ved eventuelle endringar.

Den som møter i samarbeidsutvalet bør vere kjend med gjeldande [samarbeidsstruktur, avtaleverk](#) og [Rettleiar for partane og deltakarane i høve arbeid i samarbeidsutvala](#).

Rettleiaren som vart utarbeidd i 2013 byggjer på Overordna samarbeidsavtale, pkt. 6.2 om *føremål og organisering* av dei fire overordna samarbeidsutvala, og er tenkt som eit hjelpemiddel for deltaking i samarbeidet.

Rettleiaren har som føremål å;

- sikre forankring og eigarskap til felles utfordringar.
- sikre kvalitet i arbeidsprosessar, resultat/løysingar og arbeid med å implementere og følge opp desse.
- bidra til å bygge ein robust og effektiv samarbeidsstruktur.

SSE ber om at rettleiaren vert gjort kjent i samarbeidsutvala og i eigne organisasjonar. Er det innspel til rettleiaren kan det meldast til Samarbeidssekretariatet.

## Framlegg til vedtak:

Samarbeidsutvalet for Nordhordland støttar initiativet til å setja saka på dagsorden.

Samarbeidsutvalet ber partane sikra at representantane si deltaking i samarbeidsutvalet er forankra i eigen organisasjon og at aktuelle representantar, med rett kontaktinformasjon vert meldt til leiar og sekretær for utvalet. Dette gjeld både faste og vara.